



Gamle gravsteiner ligg i ei røys i eine enden av kyrkjegarden. (Foto: Torfinn Myklebust)

**Uskedal kyrkjegard vert kvart år fint halden. Derfor tek mange gjerne ein tur for å stella graver og elles gå rundt på kyrkjegarden. Det har vore fint og ofte slege graset mellom og inntil gravene.**



Gjerdet bør målast dersom det er nokre kroner på kommunebudsjettet frå ekstraordinære Stoltenbergpengar eller andre vedlikehaldspengar. (Foto: Torfinn Myklebust)

Likevel er det småting som må ordnast opp rundt Uskedal kyrkje - ikkje Uskedalen kyrkje. Og det bør skje no i vår. Ein del småting har vore til irritasjon for mange i fleire år.

(Mange uskedelinger og folk i kommunen elles er for slurvne med å bruka Uskedal og/eller Uskedalen på lagsnamn - kyrkja er i fall i ubunden form, Uskedal kyrkje).

### **I ei røys**

Uskedelinger synst ikkje det høver at gravmonument som er tekne ned, er kasta i ei røys i eine enden av plassen. På nokre av desse monumenta kan vi også lesa namn. Det må vera ein måte å destruera desse steinane på på ein verdig måte. Vanskeleg bør det ikkje vera å få steinane bort om viljen er der...

Vi veit ikkje kven som har øydelagt ein gammal, kvit trebenk som står, ligg, utan bein på den nyaste delen av kyrkjegarden. Slik har benken vore lenge... Kan benken reparerast, er det vel råd å få det til! Og kan ikkje benken fiksast, er SIM rette staden for benken. I det siste tilfellet bør benken erstatast av ein betre benk. Mange vil gjerne setja seg ned og finna ro og fred på ein kyrkjegard!! Også på denne 117 år gamle kyrkjegarden!

Det tredje som kan peikast på på den velhaldne kyrkjegarden, er tregjerdet rundt kyrkjegarden. Det er målingsslite og bør målast, om ein finn plass på eit trangt kommunebudsjett. Neste gong det vert måla, bør ikkje steinane pålane er festa i, verta metta av måling...

Vonar kyrkjevergen ser på dette saman med dei flinke kyrkjegardsarbeidarane!

### Kvinnherad kyrkje og kyrkjegard

Uskedalingane nytta Kvinnherad kyrkje i Rosendal, til uti 1890-åra utan køyreveg. 16. desember 1914 vart kyrkja i Uskedalen vigsla av biskop J. W. Erichsen etter å ha vore under bygging sidan vårparten same året.

I første omgang vart ho kalla kapell. Namnet kom frå Statsråd som godkjende bygging 30. august 1913. Det vart sagt 'at det tillates at det til bruk for befolkningen i distriktet Uskedalen av Kvinnherad prestegjelds hovedsogn i Bergen stift opføres et kapel på en dertil utset tomt på gaarden Myklebust etter vedlagt, av professor Olaf Nordhagen utarbeidde plan.

Men kyrkjegard hadde det vore nokre år i Uskedalen før kyrkja vart bygt. Etter ein del diskusjon om kor gravplassen skulle vera, vart det i 1896 sett i gang arbeid, og før året var ute var gravplassen ferdig - til ein kostnad for plassen og gjerdet rundt på 400 kroner, i tillegg til 268 dugnadsdagar verdsett til 1,40 kroner for dagen. Klokkehuset kosta 207 kroner og klokka 175 kroner. Vigslinga av den omtala kyrkjegarden som innleia dette stykket var 2. februar 1897.

Og kloke forfedrar rekna også plass til ei kyrkje då dei bestemte storleiken på kyrkjegarden. Og ho skulle koma 17 år seinare.

(Kjelde til det historiske: 'Uskedal kyrkje 50 år' av Thor Myklebust).

t-



Ein benk har lege sund i lang tid. Bør han fjernast eller reparerast? (Foto: Torfinn Myklebust)